



VAS. FAU sitt system for sosiale samlingar i årskulla og foreldredugnad i klassane

Mål:

- Foreldre på årssteget skal bli betre kjende med kvarandre på andre arenaer enn på vanlege foreldremøte
- Legge til rette for sosiale arenaer for alle føresette og elevar i klassen
- Saman gjere positive ting for å styrke elevane sitt klasse- og skulemiljø

Fagleg bakgrunn:

«Det er viktig at skulen legg til rette for at foreldre vert kjende med både kvarandre og andre sine barn. På den måten kan foreldregruppa utvikle felles sett av normer for korleis dei som gruppe vil støtte barn og unge si læring og utvikling, både på skulen og heime. Ved at foreldra engasjerer seg saman med læraren i elevgruppa, og ikkje berre har fokus på eigne barn, vil dei fungere som gode rollemodellar for korleis ein kan bidra til å fremje eit positivt fellesskap i klassen. Dette er m.a. viktig for å hindre sosial ekskludering elevane imellom. Foreldregruppa sitt samarbeid både med skulen, og med kvarandre, er derfor en viktig del av det totale læringsmiljøet.»

(Kjelde: udir.no 13.12.2021, oversett til nynorsk)

Kva er viktig på ein foreldredugnad?

- Foreldrekontaktane er bindeledd mellom FAU og foreldregruppa og må vere dei som tek initiativ til den årlege foreldredugnaden (sjå tabell fordeling på aktivitetar mellom årskulla)
- Det sosiale mellom foreldre og barn skal vere i fokus – det er flott om elevane er med på dugnad (vurder ut frå dugnadsinnhald og alder på elevgruppa)
- På årssteg med to klassar skal klassane utføre treffet saman og ikkje kvar for seg
- Dugnadsarbeidet skal vere til det positive for elevgruppa, og ikkje erstatte vedlikehald- og vaktmeisteroppgåver på skulen
- Ingen skal måtte ha barnevakt for å kunne delta! Søsken kan vere med.
- Ein kan og invitere besteforeldre og andre slektningar som har lyst å vere med.
- Det vert oppmoda til at nokon foreldre ved kvar samankomst har som si dugnadsoppgåve å lage til enkel kaffimat og drikke til store og små (ev. bruk av klassekassa)

Fordeling av oppgåver (årshjul)



Årskull	Tid på året	Innhald	Informasjon
1.	Haust (ev. vår)	Bli kjende med gapahuken og vegen ut mot Jølster Skisenter	Sosialt arrangement for å bli kjende med både gapahuken, området kring denne og med kvarandre
2.	Vår	Opprydding og tillaging av gapahuken saman med grilling og kos i gapahuken.	Gjere gapahuken klar for sommarbruk. Bruke bålpanne og lage til grillkos saman.
3.	Vinter	Arrangere karneval for 3.klasse med elevar og foreldre	Kan låne skulekjøkken og utlånsavdeling på barneskulen.
4.	Haust	Arrangere halloween-fest for 4.klasse med elevar og foreldre.	Kan låne skulekjøkken og utlånsavdeling på barneskulen.
5.	Vinter	Skileik på bøen ved barneskulen	Sosial dag på ski og aking der ein kan lage til hopp, bakkar og liknande som skulen kan ha nytte av i etterkant. Gjerne grilling.
6.	Våren – etter 17. mai men før ferien startar	Dugnad for heile bygda med å rydde gangfelt, brygga og langs vasskanten på Vassenden. Avslutte med grilling og bading på brygga.	Rydde langs gangvegen frå skulen, over brua til brygga på Vassenden. Rydde langs veg og i vasskanten. Skulen kan stille med hanskar og sekkar.
7.	Vinter	Arrangere ake- og skiaktivitet i den gamle barnebakken i Jølster skisenter, eller arrangere bakedag før jul med å pynte peparkakehus saman.	Gjere avtale med Jølster Skisenter om å bruke grillstova og grillen i den gamle barnebakken. Om ein arrangerer bakekveld tek alle med seg ferdige peparkakehus som ein kan lime og pynte saman på kvelden. Kan låne skulekjøkken og utlånsavdeling på barneskulen.
8.	Heile året	Samarbeid om gjennomføring av 17. mai	Inntektsbringande arbeid for klassa
9.	Heile året	Juleball, kakesal og flaskeinnsamlingar	Inntektsbringande arbeid for klassa
10.	Hausten Vår	Samarbeid om ev. skuletur i privat regi Samarbeid om ev. deltaking på rusfrie vår-arrangement	Deltaking skuletur og ev. ungdomsarrangement

NB! Tips for å bli enno betre kjende med kvarandre i foreldregruppa er å arrangere sosial kveld, eller fest, som berre er open for foreldregruppa i årskullet.